

Årsmelding 2025

Statusrapport over den økonomiske situasjonen

Den økonomiske situasjonen blir vurdert til å vera god. Det er kontroll på inntekter og kostnader. Over dei siste åra har det vore ein del budsjetterte prosjekt som ikkje har kome i gang. Dette har bidratt til å bygge opp egenkapitalen i ICOM Norge. No er desse prosjekta kome i gang og egenkapitalen vil difor bli noko redusert. Eit av planlagte prosjekta er avslutta (digitalisering av arkiv). Det blir her arbeidd vidare med å få Riksarkivet til å ta inn arkivet til ICOM Norge.

Generalkonferansen i Dubai 2025

To representantar frå styret i ICOM Norge deltok hausten 2025 på ICOM sin generalkonferanse i Dubai. I forkant var det grundige vurderingar om det var rett å delta, eller om ICOM Norge burde boikotte konferansen på grunn av menneskerettsbrot. ICOM Norge gjennomførte flere innspels- og diskusjonsmøte for våre medlemmer, både digitalt og i tilknytning til eigne årsmøte. Saken vart også grundig omtalt både i forkant og etterkant av arrangementet med artiklar og innlegg i Tidsskriftet Museum. ICOM Norge opplevde deltakinga som nyttig, både for å knytte internasjonale kontaktar og å drøfte felles problemstillingar med kollegaer. Konferansen markerte og ein dreining av ICOM vekk frå ein eurosentrisk dominans i museumsforståinga, og ga nye perspektiv på kulturarvsarbeid og etikk. Er første gang generalkonferansen er arrangert i Nord-Afrika.

Etikk

Konkretiseringsprosjektet

Det er starta opp eit pilotprosjekt for å implementere det etiske regelverket i musea. Pilotprosjekt var aktivt i 2025 i samarbeid mellom ICOM Norge og Norges Museumsforbund. Det konkretiserte regelverket (engelsk versjon) er også sendt inn til ICOM sentralt, som har starta ein revisjon av det gjeldande etiske regelverket til ICOM. Arbeidet ICOM Norge har gjort med konkretiseringsprosjektet er lagt merke til internasjonalt og fleire land har sett i gong arbeid med det etiske regelverket med det norske arbeidet som førebilete. Styreleiar har m a halde fleire foredrag (på nett) for dei nordiske ICOM-komitèane om arbeidet med konkretiseringa.

Samisk kulturarv

ICOM Norge har etter innspel frå dei samiske musea å laga kortfilm om det samiske samfunnet sin rett til eigen kulturarv i 2025. Filmen tek også opp tilbakeføring av samiske gjenstandar og kva betydning slike prosessar har i det samiske samfunnet. Vi søker om ekstra midlar for å få laga fleire kortfilmar med etiske problemstillingar.

DEN NORSKE BLUE SHIELD-KOMITEEN (BSN) - TRUA KULTURARV

Blue Shield Norge (BSN) har i 2025 hatt høg aktivitet både nasjonalt og internasjonalt innan kulturarvsberedskap, bekjemping av kulturkriminalitet og implementering av Haag-konvensjonen 1954 (2. protokoll). Komiteén besto av åtte medlemmer med Axel Mykleby som leiar og Gazi Özcan som nestleiar. Årsmøtet vart gjennomført 23. januar ved Kulturhistorisk museum.

BSN gjennomførte 11 møte i løpet av året, inkludert arbeid knytt til jubileumskonferansen «Kulturens kraft i krisetider», som samla 136 deltakarar på Interkulturelt museum 27. november.

SAMARBEID MED ANDRE INTERNASJONALE KOMITÉAR

ICOM Norge har eit tett og godt samarbeid med dei nordiske komitéane. Det er gjennomført fleire møte i 2025 (nett) og eit fysisk møte i Stockholm. ICOM Norge er representert i den regionale alliansen ICOM Nord.

DEN INTERNASJONALE MUSEUMSDAGEN

Det er informert norske museum om den internasjonale museumsdagen.

ADMINISTRATIV VERKSEMD

Styret

Etter årsmøtet 2025 vart det følgjande samansetjing av styret:

Leiar/styremedlem: Atle Ove Martinussen

Sekretær/styremedlem: Maja L Musum

Kasserar/styremedlem: Lasse Tjønnøy

Andre styremedlem: Åshild Andrea Brekke, Gazi Özcan, Sissel Ann Mikkelsen og Audhild Gregoriusdotter Rotevatn

Medlemskap

Oversikt over medlemmer i ICOM Norge:

Studentar: 34

Senior: 175

Personleg: 818

Institusjonsmedlem
er: 90

Medlemer totalt:
1122

Det er ein fin auke i
medlemsmassen på
128 i 2025.

Kontakt med medlemene:

ICOM Norge si nettside <https://facebook.com/norskicom/> har vore medlemmene sin viktigaste kanal for å få informasjon om komitéen si verksemd. Annan aktuell informasjon har i hovudsak vore delt på Facebooksida vår, som i 2025 hadde 1073 følgjarar. 72 nye følgjarar i 2025. Årsmøtet i ICOM Norge er også ein viktig møteplass for medlemene. I tillegg vert det delt informasjon på heimesida www.norskicom.no

Samarbeid med andre:

ICOM Norge fekk i 2025, som tidlegare år, økonomisk støtte frå KUD. Gjennom samarbeid i Blue Shield-komitéen har ICOM Norge kontakt og samarbeid med søsterorganisasjonane ICOMOS (kulturminne), IFLA (bibliotek) og ICA (arkiv). ICOM Norge er med i den regionale alliansen ICOM Nord og samarbeider også med dei andre nordiske ICOM komitéane. ICOM Nord vart utvida i 2025 med tre baltiske land: Latvia, Estland og Litauen. ICOM Norge kjøper kontortenester (sekretær) hos Norges Museumsforbund og samarbeider med denne organisasjonen i ulike samanhengar, m.a. om museumsårsmøtet og i etiske saker som vedkjem musea. ICOM Norge har ved ei rekkje høve uttalt seg i etiske spørsmål knytt til museumssektoren i m.a. Klassekampen, tidsskriftet MUSEUM og andre fora. Vi har inntrykk av at aktivitetsnivået og fagleg arbeid i ICOM Norge, både nasjonalt og internasjonalt, blir lagt merke til og verdsett av leiing og sekretariat i ICOM Paris. Dei fortløpande sakene gjeld mellom anna godkjenning av nye medlemmer, utskriving av medlemskort, erstatning av tapte kort og sjølv sagt innbetaling av kontingenten frå medlemmene, der storparten går til ICOM sentralt i Paris. I tillegg er ICOM Norge rådgjevar i høve musea i etiske dilemma og meir generelle spørsmål om etikk.

Mars 2025

Atle Ove Martinussen

Styreleiar